
Fra: Lillian Vabø Mongstad <lillian@oknordhordland.no>
Sendt: tirsdag 3. september 2019 13.55
Til: Irene Rydland Haukeland
Kopi: Øyvind H Oddekalv; Mette Marei Træland; Kathrine Straumøy Brakstad
Emne: Om Opplæringskontoret
Vedlegg: Vedtekter for Opplæringskontoret, rev. 2011.pdf; Strategiplan 2015 - 2019.pdf

Hei!

Viser til hyggeleg telefonsamtale i dag, og sender vedtekten og strategiplan som vedlegg.
Ny strategiplan er under utvikling, men denne blir ikkje gjeldande før den er godkjent på årsmøte i mars 2020. Men de får eit bra bilete av kva me driv med i kapittel 3, Tiltak.
Når det gjeld måla som var satt når me utvikla strategiplanen i 2014, så har me passert desse måla. Opplæringskontoret har pr. d.d. 116 medlemsbedrifter, med 240 lærlingar under utdanning.

Ut frå registreringa vår har Meland kommune meldt seg inn i Opplæringskontoret i 1994, altså medan opplæringskontoret var under etablering og heldt til på regionrådet for Nordhordland. Dette var lenge før mi tid på Opplæringskontoret. Eg har ikkje klart å finna innmeldingsskjema, men vil setja kontormedarbeidaren vår til å leita gjennom gamle arkiv.

Opplæringskontoret for Nordhordland gjer det me kan for å drifta kontoret kostnadseffektivt utan at dette skal gå ut over kvaliteten på tjenestene. Me i fleire år har betalt ut 70% av tilskottet til medlemsbedriftene. Noko me er særskilt godt nøgde med.

Eg vil også oppfordra Dykk til å kontakta faglege leiarar og ev. instruktørar, avdelingsleiarar eller andre som er involvert i oppfølginga av lærlingane, for å høyrja korleis dei opplever oppfølginga frå Opplæringskontoret.

Ein av styrkane til Opplæringskontoret har vore fellesskapet mellom privat og kommunal drift. Me opplever at desse har mykje å tilføra kvarandre, noko opplæringskontoret har nytt godt av. Samarbeidet har hatt positive effektar både i styrearbeidet, kvalitetssikringsarbeidet og i oppfølginga av lærlingane. Eg vil også gjerne formidla at fleire av medlemsbedriftene våre frå privat næringsliv, har gitt uttrykk for at dei ser det som særskilt positivt at kommunane er med i fellesskapet.

Uavhengig av kva val de gjer vidare, så vil me bidra til at overgangen frå tre kommunar til Alver kommune, skal fungera best mogleg for lærlingar og tilsette som er involvert i oppfølginga av desse.

Ta gjerne kontakt om det er noko meir me kan bidra med.

Ha ein fin dag vidare 😊

Med venleg helsing

Lillian Vabø Mongstad

Dagleg leiar



lillian@oknordhordland.no

Tlf: 56 34 17 30

Mob. 908 53 341

www.oknordhordland.no